

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Møteprotokoll

Stad: Setesdalsmuseet på Rysstad

Dato: 21.09.2017

Faste medlemmer som møtte:

Per Norstrøm

Vidar Homme

Kristin Lundby

Kirsten Bråten Berg

Faste medlemmer som ikkje møtte/melde forfall:

Svenn Roar Larsen

Monika Kurszus Håland

Leonhard Jansen

Ragnhild Sigurdson

Vara medlemmer som møtte:

Odd Eldrup Olsen

Gaute Chr. Molaug

Peder Brovoll

Andre som møtte:

Frå administrasjonen møtte:

Jan Ledang

Magne Aanesland

Anna Stella Karlsdottir

Anders Dalsegg

Rysstad 30.09.2017

Jan Ledang

Direktør

Godkjenning møteprotokoll:

.....




.....

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Styret gratulerte Kirsten Bråten Berg med tildeling av Anders Jahres kulturpris til norske folkemusikere

Protokoll:

Sak 23/17 Innkalling og saksliste
Godkjent

Sak 24/17 Godkjenning av protokoll frå møte den 08.06.17
Godkjent

Sak 25/17 Informasjon frå direktør og styreleiar

Sak 26/17 Saker til orientering/drøfting

1. Besøkstal
2. Status webside og profil
3. Kaltlager
4. Opningstider for publikum
5. Plan for AAmas hovudsatsingsområde i Evje og Hornnes- og Iveland kommune som er geologi/gruvedrift.
6. Framdrift og prosess i høve strategiplan
7. Bankavtalen
8. Tilstandsrapportering i høve bygningane i Setesdalsmuseet Eigedom IKS
9. «Økning av det regionale tilskuddet»

Punkt 4. Opningstider for publikum.

Styret ber administrasjonen å gjennomføre ei utgreiing i høve utvida opningstidar tilpassa det lokale behov.

Punkt 5. Plan for AAmas hovudsatsingsområde i Evje og Hornnes- og Iveland kommune som er geologi/gruvedrift.

AAma har hatt dialog med eigar av Mineralparken og Evje- og Hornnes kommune når det gjeld geologi/gruvedrift satsinga. Det er semje om at ein ynskjer å jobbe frem eit seminar i 2020. Seminaret skal vere ei stormønstring av både profesjonelle og amatørar.

Punkt 7. Bankavtalen blei handsama under sak 29/17 Eventuelt.

Sakene blei ellers tatt til orientering.

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Sak 27/17 Etablering av bygningsvernavdeling ved Setesdalsmuseet/AAma på Rysstad.

Vedtak:

Setesdalsmuseet / AAma tilset ein person i inntil 100% stilling innan tradisjonshandverk/restaurering. Stillinga er eit prosjekt for 2 år. Kostnadane skal dekkast inn gjennom eksterne prosjektmidlar. Stillinga skal unngå å virke konkurransevridende i høve private aktørar. Oppdraga følgjer normal marknadspris.

Etter styremøte var det synfaring i laftehallen

Sak 28/17 Godkjenning av 2. tertialrapport Styret tar tertialrapport pr. 2. tertial til etterretning.

Sak 29/17 Eventuelt **Sak styreseminar:**

Vedtak:

Styret ber administrasjonen om å førebu eit styreseminar til styremøte i februar.

Sak Bankavtalen (Sak 26/17 punkt. 7)

AAma sin bankavtale i dag er ein del av avtalen mellom Aust-Agder fylkeskommune og Sparebanken Sør. Avtalen går ut i haust. AAma må vurdere om ein skal vidareføre samarbeidet med Aust-Agder fylkeskommune i høve ny bankavtale med SR-bank.

Vidar Homme erklærte seg inhabil i sak 26/17 punkt 7. og fråtredde møtet under drøfting av saka.

Vedtak:

Styret ber administrasjonen om å førebu sak til neste styremøte for vedtak om ny bankforbindelse.